

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 19/318-1

## Tildeling av fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar 2019

### Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1 Løyving på kr. 700 000,- til «Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar» for 2019 vert fordelt slik:

Nr.:	Søklar/mottakar:	Tilskot FTU-midlar:
1	Sogn og Fjordane fotballkrets	89 000.-
2	Sogndal vidaregåande skule	23 000.-
3	Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk	41 000.-
4	Pensjonistforbundet, Sogn og Fjordane	36 000.-
5	Måløy vidaregåande skule	69 000.-
6	FAU Hafslo Barne og ungdomsskule	0.-
7	Trygg Trafikk	245 000.-
8	Sogn Cykleklubb	112 500.-
9	Stryn vidaregåande skule	39 250.-
10	Høyanger vidaregåande skule	15 000.-
11	Årdal Sportsskyttarlag	25 000.-
	<b>SUM</b>	<b>694 750.-</b>

- 2 Tiltak som får tilskot «Fylkeskommunale trafikktryggingsmidlar» 2019, skal ferdigmeldast snarast etter at tiltaka er avslutta, seinast 30. november 2019.
- 3 Ferdigmeldinga skal innehalde spesifisert rekneskap for tiltaka og ei oppsummering av gjennomføringa.
- 4 Midlar som ikkje vert nytta går attende til fylkeskommunen.

### **Vedlegg:**

- Nr. 1 Sogn og Fjordane fotballkrets  
 Nr. 2 Sogn og Fjordane vidaregåande skule  
 Nr. 3 Sogn og Fjordane avdeling av MA  
 Nr. 4 Pensjonistforbundet  
 Nr. 5 Måløy vidaregåande skule  
 Nr. 6 Foreldreutvalet Hafslo Barne og ungdomsskule  
 Nr. 7 Trygg Trafikk  
 Nr. 8 Sogn Cykleklubb  
 Nr. 9 Stryn vidaregåande skule  
 Nr. 10 Høyanger vidaregåande skule

Nr. 11 Årdal Sportskytterlag

### **Andre relevante dokument i saka:**

- Instruks for forvaltning av FTU-midlar
- Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Etter Vegtrafikklova § 40a har fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak som fremjar trafikktryggingarbeidet i fylket. På budsjettet for 2019 er det løyvd kr. 700 000,- til gjennomføring av trafikktryggingstiltak gjennom tilskotsordninga «Fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar» (FTU-midlar).

I desember 2017 vedtok fylkestinget fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2018 - 2021. Planen har følgjande 4 tematiske satsingsområde: Sikringsutstyr, rusførebygging, trafikksikker kommune og trafikkåtferd.

Det er motteke 11 søknader. Samla søknadssum er kr. 779 500, -.

Søknaden frå Foreldreutvalet Hafslo barne og ungdomsskule om stønad til bygging av m.a. heva gangfelt (på fylkesveg 337 på Hafslo) stettar ikkje føremålet i instruksen med tanke på tilskot. Tiltaket i søknaden gjeld større fysisk tiltak, og fell av den grunn utanfor tilskotsordninga.

### **2. Bakgrunn for saka**

Grunnen for at saka er fremja

Vegtrafikklova § 40a pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingssutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har for 2019 løyvt kr. 700 000 til gjennomføring av trafikktryggingstiltak gjennom tilskotsordninga «Fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar» (FTU - midlar).

Tilskotsordninga vart gjort kjent gjennom annonse i fylkesavisene i oktober, og lagt ut på fylkeskommunen si heimeside. Søknadsfristen var 16. november 2018.

Mandat

Fylkestrafikktryggingssutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av FTU-midlane. Statens vegvesen er sekretariat for FTU, og har teke i mot søknadane.

Instruks for forvaltning av fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin «Instruks for forvaltning av fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar», er lagt til grunn ved innstilling. Instruksens **punkt 1. Formål med og målgruppe for ordninga**, seier følgjande:

«Ordninga gjeld tilskot til gjennomføring av tiltak/prosjekt som fremjar trafikktryggleiken i fylket. Midlane skal i utgangspunktet nyttast til tiltak innanfor:

- a) Haldningsskapande arbeid.
- b) Opplæring
- c) Informasjon

Midlane kan og nyttast til mindre fysiske tiltak særskilt retta mot mjuke trafikantar eller til andre tiltak som FTU ønskjer å støtta.»

Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging

I desember 2017 vedtok fylkestinget handlingsplan for trafikktrygging 2018-2021. Planen har følgjande 4 tematiske satsingsområde med tilhøyrande målgruppe:

<b>Satsingsområde</b>	<b>Målgruppe</b>
1. Sikringsutstyr	Foreldre, ungdom og eldre
2. Rusførebygging	Ungdom, foreldre, eldre

3. Trafikksikker kommune	Kommunane
4. Trafikkåtferd	Barn, ungdom og vaksne bilførarar

Kvart av satsingsområda inneheld *mål, strategi* og (del-)tiltak.

### **3. Vurderingar av innkomne søknader med framlegg til tilskot**

Det er kome inn 11 søknader om fylkeskommunale trafikktryggingmidlar for 2019. Samla søknadssum er kr. 779 500.-

Etter statens vegvesen (SVV) si vurdering er det ein søknad som ikkje stettar føremålet i instruksjonen med tanke på tilskot. Dette gjeld søknad nr. 6 frå Foreldreutvalet Hafslo barne og ungdomsskule, om stønad til bygging av m.a. heva gangfelt (på fylkesveg 337 på Hafslo). SVV meiner tiltaket i søknaden gjeld større fysisk tiltak, og fell av den grunn utanfor tilskotsordninga.

#### **1. Sogn og Fjordane fotballkrets**

##### Tiltak: Diverse trafikktryggingstiltak

NFF Sogn og Fjordane søker om ein driftsstønad på 89 000 kroner i 2019. Driftsstønaden skal dekkje arbeid, reise, materiell internett profilering, reklame på utstyr, utsending og ikkje minst kostnader ved reise og deltaking på ulike tiltak og arrangement. Av desse midlane får kvar klubb som blir sertifisert til Nivå 1 i kvalitetsklubbprosjektet, og som har trafikktrygging i sine basisstatuttar, kr 5000,-. NFF vil også gje stønad på kr 1000,- til Kongleriket-arrangørar som får politiet til å stille opp på arrangementa med kontroll eller PR tiltak. I tillegg vil dei bruke litt midlar på nye banner, roll-ups og presentasjonar.

**Søknadssum: kr. 89 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 89 000.-**

##### **kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 1: «*Bilbelte*», og satsingsområde «TRAFIKKÅTFERD» pkt. 7.1.1 tiltak nr. 2: «*Kampanjar*».

#### **2. Sogndal vidaregåande skule**

##### Tiltak A: Trafikkdag for avgangselevar

Sogndal vidaregåande skule har i fleire år hatt fokus på trafikktrygging i samband med russetida og har eit godt samarbeid med fleire aktørar i samband med trafikktryggingarbeidet sitt. Opplegget går på haldningsskapande arbeid, opplæring og informasjon. Rett før rusesleppet har skulen ein trafikkdag for alle sine avgangselevar både på yrkesfag og dei studieførebuande utdanningsprogramma. Skulen inviterer og samarbeider med trafikkstasjonen, politi og Røde kors, helsesøster/lege og SMISO med informasjon og aktivitetar i tillegg til matsservering. Tilbakemeldingane frå elevar og samarbeidspartar har vore gode. Skulen søker difor om 13.000,- til mat og frikjøp av tid til tilsette og samarbeidspartar som jobbar ekstra i samband med dagen. Ein slik trafikkdag vil treffe over 300 ungdomar i gruppa 17 – 19 år.

**Søknadssum: kr. 13 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 13 000.-**

##### **Kommentar:**

Ein «trafikktryggingdag» må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Så som satsingsområde SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD. Særskilt kan nemnast satsingsområde TRAFIKANTÅTFERD punkt 7.1.1 tiltak 4: «*Omsynsfull trafikkåtferd på trafikktemadagar på vidaregåande skular*».

Tiltaket stettar formålet i instruksjonen.

##### Tiltak B: Refleksaksjon

Skulen har laga/trykt eigne refleksar og ynskjer å dele ut til elevane i ulike samanhengar. Miljøkoordinatorar ved skulen organiserer eit opplegg til utdeling av refleks. Dert vert søkt om kr 10.000,- til å dekke utgiftene ved trykking.

**Søknadssum: kr. 10 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 10 000.-**

##### **Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Sum søknadsbeløp Sogndal vidaregåande skule:	kr. 23 000.-
Sum framlegg til tilskot Sogndal vidaregåande skule:	kr. 23 000.-

### 3. Sogn og Fjordane avdeling MA-rusfri trafikk

Tiltak: Innkjøp/distribusjon refleksvestar

MA besøker skulane for å setje fokus på bruk av refleks for heile lokalsamfunnet. Alle 5.-klassingar i fylket får utdelt refleksvest. Tilskotet vil gå til å dekke kostnader med innkjøp av refleksvestar, distribusjon av desse og andre administrasjonskostnader. Gjeld 1350 stk. refleksvestar.

**Søknadssum: kr. 41 000.-                      Framlegg til tilskot: kr. 41 000.-**

#### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

### 4. Pensjonistforbundet i Sogn og Fjordane

Tiltak: «Bilfører 65+»

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane håpar på vidare godt samarbeid med Statens Vegvesen ang. Bilfører 65+ kurs. I 2018 vart det gjennomført 9 kurs for totalt 179 deltakarar. Dette kunne vore endå fleire dersom instruktørane hadde hatt meir tid til rådvelde. Interesse er svært stor ute i kommunane.

Fylkeslaget ynskjer å vidareføre det samarbeidet som alt er etablert på området trafikktrygging for eldre også gjennom bilførarkurset 65+. For 2019 legg fylkeslaget til grunn følgjande aktivitetsnivå for sin søknad:

Administrasjonstilskot 12 kurs à kr 3000,- = kr. 36 000.-

**Søknadssum: kr. 36 000.-                      Framlegg til tilskot: kr. 36 000.-**

#### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde «TRAFIKKÅTFERD» pkt. 7.1.1 tiltak nr.1: «Trafikkurs/ oppfriskingskurs for å gje meir kunnskap og tryggleik hjå eldre bilførarar.»

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

### 5. Måløy vidaregåande skule

Tiltak A: Å bli sett

Måløy vidaregåande skule vil jobbe vidare med temaet "Å bli sett". Prosjektet "Å bli sett" vil vere eit samarbeid mellom elevrådet og skulen si folkehelsegruppe. Skulen ynskjer å kjøpe inn refleksar og refleksvestar med skulen sin logo som vert delt ut til skulen sine elevar i samband med refleksens dag. Skulen søkjer om 10 000,- til å dekke utgifter ved trykking og til utdelingsaksjonen.»

**Søknadssum: kr. 10 000.-                      Framlegg til tilskot: kr. 10 000.-**

#### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak B: Trafikktrygging for russen

Tryggleik rundt russen er viktig. Skulen vil ha open bilverkstad ut over sein vinter/vår der skulen sitt personale frå køyretøy vil støtte ungdom som er russ med å få sikre bilar. Dette gjeld ikkje berre russebilar, men også vanlege bilar som russen brukar. Skulen planlegg å bruke 8 kveldar på dette mellom midten av februar og slutten av april. Det skal også gjennomførast ein informasjonskveld om rus og køyring med politiet og Statens vegvesen.

Utgifter til open bilverkstad: kr 2500,- x 8 kveldar = kr. 16 000,- »

**Søknadssum: kr. 16 000.-                      Framlegg til tilskot: kr. 16 000.-**

**Kommentar:**

Open bilverkstad kan i liten grad knytast direkte til satsingsområda i handlingsplanen. Men tiltaket med å få trygge (godkjende) russebilar ute på vegane bidreg til auka trafikktryggleik. Informasjonskveld om rus og køyring der politi og vegvesenet deltek må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i handlingsplanen, så som SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD.

Tiltaket stettar formålet i instruksjen.

Tiltak C: Bil og ungdom, unge førarar med gamle bilar

Dette er eit tiltak der unge sjåførarar og bileigarar jobbar med å få trygge bilar på kveldstid, under oppsyn av fagkunnige personar på skulen. Fleire ungdommar kjøper gamle/eldre bilar og då kan dei få dei i betre stand på desse kveldane. Hausten 2018 har det vore ein auke på tal elevar som nyttar seg av tilbodet, både ved Måløy vidaregåande skule og Fagskulen i Sogn og Fjordane, avd. Måløy. Skulen ynskjer å oppretthalde dette tilbodet også for hausten 2019.

Utgiftene til «Bil og ungdom, unge førarar med gamle bilar» kr 2000,- x 10 = kr 20 000,-

**Søknadssum: kr. 20 000.-                      Framlegg til tilskot: kr. 20 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket kan i liten grad knytast direkte til satsingsområda i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Men tiltaket med å få trygge (godkjende) køyretøy ute på vegane bidreg til auka trafikktryggleik.

Tiltaket stettar formålet i instruksjen.

Tiltak D: Open verkstad for mopedeigarar

Skulen vil satse på å ha 4 kveldar open kveld/verkstad i samarbeid med faglærar for å få tryggare mopedar på vegane. Utgiftene til «Open kveld for mopedeigarar»: 4 kveldar à kr. 2 000,- = kr. 8 000,-

**Søknadssum: kr. 8 000.-                      Framlegg til tilskot: kr. 8 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket kan i liten grad knytast direkte til satsingsområda i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Men tiltaket med å få trygge (godkjende) mopedar ute på vegane vil bidra til auka trafikktryggleik.

Tiltaket stettar formålet i instruksjen.

Tiltak E: Trafikkulykke, varsling, førstehjelp og slokking

Måløy vidaregåande skule ynskjer å gjennomføre opplæring for alle Vg1 elevar om korleis ein skal handle som førstemann til trafikkulykke. Opplæringa er planlagt gjennomført i samarbeid politi, Helse Vest, lokalt brannvesen, skulen sitt Sikkerheitsenter og YSK, helsefagarbeidarar (Vg3 og Vg4) ved skulen.

Skulen ynskjer å ha fokus på kva ein gjer dersom ein er førstemann til ei trafikkulykke; meldingsrutinar, sikring, livreddande førstehjelp, kva ein gjer dersom det lek drivstoff eller fare for lekkasje, praktisk slokking av brann.

Utgifter til «trafikkulykke, varsling, førstehjelp og slokking» kr. 15.000,-»

**Søknadssum: kr. 15 000.-                      Framlegg til tilskot: kr. 15 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket det søkt om må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, så som satsingsområde SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKANTÅTFERD.

Tiltaket stettar formålet i instruksjen.

Sum søknadsbeløp Måløy vidaregåande skule:

kr. 69 000.-

Sum framlegg til tilskot Måløy vidaregåande skule:

kr. 69 000.-

## 6. Foreldreutvalet ved Hafslo Barne og ungdomsskule

Tiltak: Heva gangfelt Hafslovegen ved Vegaskjelet og Ørbekk eller andre tiltak som kan betre sikkerheita ved elevkryssing på desse stadane

FAU ved Hafslo barne og ungdomsskule har fokus på elevane sin skuleveg og tek jamleg opp utfordringa knytt til skulevegen. Etter vedtak i FAU vert det søkt om støtte til å etablere sikrere kryssing av skulevegen langs Hafslovegen langs følgjande stader: Krysset Krekavegen Vegaskjele/Krekavegen – Hafslovegen fv. 337 og Ørbekk-Hafslovegen fv. 337- Botnen.

Dette er punkt der elevane på begge stader må krysse meir eller mindre sterkt trafikal veg for å koma til og frå gang og sykkelveg. Slik foreldreutvalet vurderer det, eksisterer det ikkje i dag gode nok hinder som reduserer farten eller varslar bilistane om kryssande elevar. Det er i dag 60 sone på den aktuelle vegen.

Det vert i uformell kontakt med Statens vegvesen antyda ein kostnad på kr. 85 000 og oppover ved kvart kryssingspunkt dersom ein byggjer heva gangfelt, alt etter utfordringar. Overslag over timeforbruk for å etablere tiltaka har me ikkje fått oppgitt pga. tidsbruk i forhold til søknad. Dette må prosjekterast før arbeidet vert i gang sett.

Foreldreutvalet søkjer difor om støtte til å betre dei trafikale forholda for kryssande elevar ved Vegaskjelet og Ørbekk, i form av heva gangfelt og eller mindre tiltak som belysning, skilting og måling/varsling om kryssande elevar der dette manglar på omtalte Vegaskjelet og Ørbekk/Botnen. Dersom det vert eit positivt utfall på søknadsprosessen, vil FAU jobbe vidare med betre kostnadsoverslag og timebruk over alternative løysingar frå heva gangfelt til skilting/måling av overgang/belysning der dette ikkje er i dag.»

**Søknadssum: kr. 85 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 0.-**

### Kommentar:

Då søknaden gjeld større fysisk tiltak (heva gangfelt), meiner vi tiltaket ikkje stettar formålet i instruksjonen. Og vi tilrår at søknaden om tilskot vert avslagen.

## 7. Trygg Trafikk

Tiltak A: Trafikksikker kommune/Trafikksikker skule/Trafikksikker barnehage

Trygg Trafikk ønskjer å få kommunar til å gå inn for å bli godkjende som «Trafikksikker kommune», «Trafikksikker skule», «Trafikksikker Barnehage».

**Søknadssum: kr. 80 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 80 000.-**

### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKSIKKER KOMMUNE pkt. 6.1.1 tiltak nr. 1: «*Workshopmøter*», tiltak nr. 2: «*Godkjenningsmøter*», punkt. 6.1.2 tiltak nr. 1: «*Workshopmøte med barnehagar som vil bli godkjende som Trafikksikre barnehagar*» og tiltak nr. 2: «*Workshopmøte med skular som vil bli godkjende som Trafikksikre skular*».

Tiltaket stettar formålet i instruksjonen.

Tiltak B: Kurs for barnehagetilsette m.m.

Trygg Trafikk planlegg å gjennomføre kurs for tilsette i barnehagane der trafikksikre barnehagar vert prioriterte, samt eitt kurs for studentane på førskulelina ved Høgskulen på Vestlandet.

**Søknadssum: kr. 30 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 30 000.-**

### Kommentar:

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKSIKKER KOMMUNE pkt. 6.1.2 tiltak nr. 3: «*Trafikkurs/ kompetansekurs*».

Tiltaket stettar formålet i instruksjonen.

Tiltak C: Gå-opplæring/skulestart

Innkjøp av klassesett med «Gå opplærings»-materiell til elevane, samt innkjøp av skulestartmateriell til foreldra og skulane.

**Søknadssum: kr. 10 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 10 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 3: «*Gå-opplæring/buss opplæring ved skulestart*». (Punktet er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak D: Sykkelopplæring/sykkelhjelmkampanje/nettverkssamling, m.m:

I samband med oppfølging av kunnskapsløftet, er det laga nytt undervisningsmateriell til mellomsteget i grunnskulen. Innkjøp av demonstrasjonsmateriell til skulane og studentane ved høgskulen, samt arrangere eit sykkelkurs for lærarar.

**Søknadssum: kr. 25 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 25 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 1: «*Barnehagepersonell. Studentar på høgskulen førskulelina (BLU)*» og tiltak nr. 2: «*Lærarar i grunnskulen, studentar på grunnskulelærarutdanninga ved høgskulen (GLU)*». (Begge punkta er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak E: Reflekskonkurranse

Arrangere reflekskonkurranse for miniputtar i samarbeid med Sogn og Fjordane fotballkrets.

**Søknadssum: kr. 5 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 5 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «*Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak F: Refleksdagen og tema refleks oktober 2019

Innkjøp av refleksar. Planlegge og koordinere dagen. Ha refleksar til pedagogiske opplegg; Skular, barnehagar, organisasjonar, m.m.

**Søknadssum: kr. 30 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 30 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «*Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak G: Trafikkopplæring 1. – 7. trinn. Nettverksamling/kurs høgskulen

Arrangere nettverksamlingar for lærarar, eventuelt fleispråkleg tema. Arrangere 2 kurs for studentar på lærarutdanninga på Høgskulen på Vestlandet Campus Sogndal. Bruke Trygg Trafikk ambassadør og Trafikksikre skular.

**Søknadssum: kr. 30 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 30 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 1: «*Barnehagepersonell. Studentar på høgskulen førskulelina (BLU)*» og tiltak nr. 2: «*Lærarar i grunnskulen, studentar på grunnskulelærarutdanninga ved høgskulen (GLU)*». (Begge punkta er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Tiltak H: Trafikkopplæring 8. – 10. trinn. Trafikk valfag/trafikkalt Grunnkurs (TG)

Arrangere nettverksamling for lærarar i ungdomsskulen - trafikk valfag/Trafikkalt Grunnkurs. Gje økonomisk støtte til to nye lærarar for TG godkjenning à kr 10 500.-

**Søknadssum: kr. 35 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 35 000.-**

**Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde TRAFIKKÅTFERD pkt. 7.1.2 tiltak nr. 1: «*Barnehagepersonell. Studentar på høgskulen førskulelina (BLU)*» og tiltak nr. 2: «*Lærarar i grunnskulen, studentar på grunnskulelærarutdanninga ved høgskulen (GLU)*». (Begge punkta er omtala under overskrift «*Langsiktige opplæringstiltak ....*» på s. 19 i handlingsplanen.)

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

Sum søknadsbeløp Trygg Trafikk:

kr. 245 000.-

Sum framlegg til tilskot Trygg Trafikk:

kr. 245 000.-

**8. Sogn Cykleklubb**

Sogn Cykleklubb skal arrangere sykkelrittet Jotunheimen Rundt for 29. gang i 2019. Rittet startar i Lærdal fredag kveld 28. juni og går derfor over Filefjell, gjennom Valdres og over Valdresflya medan det er delvis mørkt. Rittet er eitt av dei mest kjende turritta i Noreg og har høg status blant deltakarane fordi tryggleiken og servicen til ryttarane vert satt høgt.

Av tryggleikstiltak kan nemnast:

- Utdanning og innleige av godkjende vakter
- Avgrensa tal deltakarar
- "Timeout" i nedkøyringane frå Sognefjellet til Fortun
- Refleksvestar til alle som startar i Lærdal fredag kveld og sykklar gjennom natta

Nærare om grunnlag for søknaden:

For å trygge deltakarane best mogleg, er det som vanleg krav om markeringslys både framme og bak på syklane. I tillegg vil det bli delt ut refleksvestar til alle deltakarane før start. Vestane er godt synlege, og er utstyrt med nettingstoff i rygg for å betre pusteeigenskapane. I tillegg er dei utstyrt med lommer på ryggen. Vestane er derfor blitt svært populære, og vert også nytta av syklistane i etterkant av rittet under trening og deltaking i andre ritt.

Sogn Cykleklubb reknar med at rittet vert fullteikna også i 2019. Talet på deltakarar vert derfor om lag 600 og sykkelklubben ynskjer derfor å kjøpe inn 600 vestar à kr 150.- = kr. 90 000.- + mva = kr. 112 500.-

Statens vegvesen tilrår at kostnaden med innkjøp av 600 stk. vestar kr. 112 500,- vert lagt til grunn for storleiken på tilskotet.

**Søknadssum: Mest mogeleg**

**Framlegg til tilskot: kr. 112 500.-**

**Kommentar:**

Tiltaket er i tråd med fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging, satsingsområde SIKRINGSUTSTYR pkt. 4.1.1 tiltak nr. 2: «*Utdeling av refleks, fotgjengarrefleks og refleksvest*».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

**9. Stryn vidaregåande skule**

Tiltak: Trafikktryggingsdag

Stryn vidaregåande skule ønskjer å arrangere ein trafikktryggingsdag for alle sine elevar hausten 2019. Det vart gjennomført liknande arrangement hausten 2015, 2016, 2017 og 2018 med midlar frå FTU. Dei positive tilbakemeldingane frå både elevar og tilsette viser at dette er eit arrangement som er både lærerikt, og har stor påverkningsgrad i forhold til bevisstgjerjing rundt trafikktryggleik. Statistikkane for ungdomsulukkene tilseier at alle må ta ansvar i kampen for å redusere desse tala.

Stryn vidaregåande skule ser det difor som svært viktig å setje eit spesielt fokus på farane ved eit nyterverva førarkort og fart, samt kva ein skal gjere når uhellet først er ute.

Politiet, brann, ambulanse, Trygg Trafikk, vegvesenet, helsefag (hjartestartar + førstehjelp ved ulukkesstad), samferdselsavdelinga ved SFFK og trafikkskulane i Stryn bidreg. I Stryn har det vore relativt mange bilulukker der ungdom har vore involvert dei siste åra. Gjennom skuleåret kjem elevgrupper saman, mange med nytt førarkort. Hausten er ei tid der det er mykje aktivitet i samband med skulestart, og vi går ei mørkare tid i møte. Skulen ser det difor som viktig at ungdommen, gjennom informasjon og haldningsskapande arbeid får gjort medviten kva konsekvensar handlingane våre får i trafikken.

**Søknadssum: kr. 39 250.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 39 250.-**

**Kommentar:**

Ein «trafikktryggingdag» må forventast å ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Så som satsingsområde SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD. Særskilt kan nemnast satsingsområde TRAFIKANTÅTFERD punkt 7.1.1 tiltak 4: «Omsynsfull trafikkåtferd på trafikktemadagar på vidaregåande skular».

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

**10. Høyanger vidaregåande skule**

Høyanger vidaregåande skule søker om 15.000 kr i tilskot til trafikktryggingarbeid med følgjande tema:

- Førstehjelp ved trafikkulukker
- Trafikkulukke i tunnel og brannfare
- Trygg russetid

**Kommentar:**

Omsøkte tiltak vil venteleg ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i den fylkeskommunale handlingsplanen under satsingsområde pkt. 5: RUSFØREBYGGING og pkt. 8: TRAFIKANTÅTFERD. Særskilt kan nemnast satsingsområde 8: TRAFIKANTÅTFERD punkt 7.1.1 tiltak 4: «Omsynsfull trafikkåtferd på trafikktemadagar på vidaregåande skular».

Omsøkte tiltak er i samsvar med mange av del-tiltaka i handlingsplanen.

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

**Søknadssum: kr. 15 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 15 000.-**

**11. Årdal sportsskyttarlag**

Årdal Sportsskyttarlag takkar for midlane dei fekk i 2018. Tiltaka som vart gjennomførte i 2018 vart positivt motteke av medlemmane i klubben, og dei ynskjer difor å jobbe vidare med trafikktryggleik også i 2019. Årdal sportsskyttarlag søker om kr 25000,- for å gjennomføre handlingsplanen for tryggleik i laget. Nokre av punkta i handlingsplanen for Årdal Sportsskyttarlag:

- Etablere gode haldningar til trygg trafikkgjennomføring
- Sikring av utøvarar og føresette/trenarar ved reiser i bil
- Pakking av last (skyteutstyr) i bil
- Tryggleikskurs ved håndtering av våpen
- Nulltoleranse ved bruk av alkohol i samband med treningar/samlingar/konkurranser /reiser

Av større arrangement som er planlagt i 2019 er: Kisen Open EM uttak (januar), NM Steinkjer (mars), NM Oslo (april) og NM Elverum (september)

I forkant av desse stemna gjennomfører klubben orienteringsskveldar for skyttarar og reiseleiarar, der planlegging av reiser, opphald og stemnegjennomføring er tema.

**Søknadssum: kr. 25 000.-**

**Framlegg til tilskot: kr. 25 000.-**

**Kommentar:**

Ein «orienteringsskveld» vil venteleg ha tema som vedkjem fleire av tiltaka som er lista opp i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Så som satsingsområde SIKRINGSUTSTYR, RUSFØREBYGGING og TRAFIKKÅTFERD.

Tiltaket stettar formålet i instruksen.

**OPPSTILLING SØKNADSBELØP/DISPONERING:**

Sum søknadsbeløp (søknad 1 - 11):	kr. 779 750. -
Sum framlegg til tilskot (søknad 1 - 11):	kr. 694 750. -
Disponibel løyving 2018:	kr. 700 000. -
Udisponert del av løyving:	kr. 5 250. -

**4. Konklusjon**

Fylkesdirektøren tilrår slik fordeling av midlane:

<b>Nr.:</b>	<b>Søklar/mottakar:</b>	<b>Tilskot FTU-midlar:</b>
1	Sogn og Fjordane fotballkrets	89 000,-
2	Sogndal vidaregåande skule	23 000,-
3	Sogn og Fjordane avd. MA-rusfri trafikk	41 000,-
4	Pensjonistforbundet, Sogn og Fjordane	36 000,-
5	Måløy vidaregåande skule	69 000,-
6	FAU Hafslo Barne og ungdomsskule	0,-
7	Trygg Trafikk	245 000,-
8	Sogn Cykleklubb	112 500,-
9	Stryn vidaregåande skule	39 250,-
10	Høyanger vidaregåande skule	15 000,-
11	Årdal Sportsskyttarlag	25 000,-
	<b>SUM</b>	<b>694 750,-</b>

Søknaden frå foreldreutvalet ved Hafslo barne- og ungdomsskule gjeld større fysisk tiltak (heva gangfelt). Tiltaket er ikkje i samsvar med føremålet i instruksen. Fylkesdirektøren tilrår at søknaden om tilskot vert avslegen.

Fylkesdirektøren vil informere om at sykkelrittet Jotunheimen Rundt, som Sogn Cykleklubb arrangerer for 29. gang i 2019 vart fullteikna på under 2 minutt med over 600 deltakarar.